

Lindås kommune
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

08.05.2018


Ikenberget og Alvermarka Vel - Merknad

Tilleggsmerknad til områdeplan for Alversund, del av gnr 137 og 138

Ikenberget og Alvermarka Vel viser til tidlegare innspel i saka sendt den 29.04.2018 i saka. Me ser no at det sør i planområdet er det sett av eit areal til fotballbane som eige formål. Måla på bana inklusiv sikringssoner er 74m x 110m. Me har følgjande viktige tilleggsmerknad når det gjeld planlagt ballbane i område BIA:

Fotballbana ved nye Alversund skule

Ikenberget og Alvermarka Vel meiner at den store fotballbana som er teikna inn søraust for skuleområdet BOP3 på arealformålet BIA ikkje etablerast her i nærområdet til skulen. Me meiner at dersom det skal etablerast ei ny 11 fotballbane i Alversund må Lindås kommune utvida eksisterande fotballbane ved noverande Alversund skule. Dette arbeidet med utviding av eksisterande ballbane til ei eventuell 11 fotballbane her kan starta etter at ny Alversund skule er bygd og teke i bruk. Ikkje før. Dette må verta eit rekkefølgjekrav i føresegnene til reguleringsplanen. Å etablere ei ellever fotballbane her vil og vera ei langt rimlegare løysing for Lindås kommune. Det vil kosta store summer å sprenga vekk og køyra bort alle massane i BIA for å etablere ei fotballbane her. Ikenberget og Alvermarka Vel meiner at kommunen bør regulere inn ei 11 fotballbane i denne områdeplanen no ved eksisterande skule. Her er det og i nærleiken til planlagt parkering, eit symjebasseng kan og etablerast her i tilknytning til denne. Dette vil verta den beste løysinga for alle, både for fotballinteressene og for den nye skulen.



11 fotballbane må vekk frå BIA

11 fotballbane kan regulerast inn i BOP2

Fotballbana her vil øydeleggja eit viktig uteområde for born og unge

Ikenberget og Alvermarka Vel meiner at uteområdet der ny ballbane er plassert i BIA skal planleggjast med tanke på elvane som går der frå 1-7 klasse. Leike- og uteområdet skal vera på elevane sin premissar, ikkje på fotballinteressene sine. Ei planlagt ballbane her som vist (110+74 meter) vil ta om lag 10 dekar av eit viktige naturleg leikeområdet ved nyskulen. Dette arealet må difor regulerast til G4-område somdei andre grøntområda omkring skulen. Her kan eit utvikla akebakke, skogsløype, naturstiar eller sykkelløyper. Eventuelt kan det vera beiteområde for dei som driv med gardsbruk i nærleiken. Dette området må ikkje regulerast til framtidig bustadar, det er viktig med ein god grøn buffer omkring den nye Alversund skule og nye bustadar. Dette og med tanke på eventuelle utvidingar på lang sikt av både skule og uteområdet til skulen. Å ta vare på slike grøntområde omkring ein ny skule gjev framtida eit fornuftig handlingsrom og det vil vera ein ressurs for dei som opheld seg her i skuletida. Det vil og kunne verta eit viktig leikeområde for born og unge i feltet om det vert utvikla rett med tanke på born og unge sine interesser. I tillegg er det mange hekkande fuglar i dette området i tilknytning til kulturlandskapet omkring, det biologiske mangfaldet her vil og kunne vera ei ressurs i undervisninga.

Dårlegare lokalklima med meir vind i områda omkring

Ei fotballbane på nesten 10 dekar her vil og føra til eit dårlegare lokalklima for den nye Alversund skule og for naboar i sør. Å sprengja vekk dette høgdedraget med barskog på for å etabler ei stor flat fotballbane vil såleis føra til eit mykje meir ver- og vindutsatt område både i Alvermarka nord og i det nye skuleområdet. Det er særleg sør- og nordvinden som då vil auka på og fungera som ei trakt og verta forsterka mykje for bustadane nord i Alvermarka, særleg i Buheimområdet. Det vil verta uheldig for mange som bur her i dag . Dette naturområdet må difor forbli urørt, det må ikkje sprengast noko her, eit slikt naturområde er ein lokalklimatisk ressurs for skulen og elevane her slik det er. Problemet med overvatn kan og verta stort med å etablera ei stor flate her.

Fotballbana her vil føra til meir biltrafikk inn i Alvermarka nord

Ei fotballbane på BIA vil og fort kunne føra til meir biltrafikk inn i Alvermarka. Det vil då for mange fotballforeldre verta fristande å parkert bilar ulike stadar nord i Alvermarka om ettermiddag og kveld på fotballtreningar, men og i helger ved fotballcupar og ved fotballkampar. Dette fordi ballbana vil ligga i tilknytning og svært nært eksisterande bustadfelt med sine køyreveggar i Alvermarka Nord. Det vil verta kortare for mange til ballbana å køyra inn i Alvermarka nord og parkera i nærleiken av ballbana i BIA enn å køyra ned til Alversund å parkera på planlagt parkeringsplass der. Det kan og verta eit press på sikt å etablera køyrbar bilveg på ein av dei dei planlagte gangvegane O_SGS7 og O_SGS3 til ballbana her. Ei ballbane her i nærleiken av husa omkring vil og i seg sjølve med aktiviteten her verka forstyrrande på dei som bur i nærleiken av denne, det er og eit moment som må vektleggast i saka.

Ikenberget og Alvermarka Vel meiner at planlagt ballbane her fort vil føra til trafikkfarlege situasjonar i bustadfeltet vårt. Me meiner difor at om det skal etablerast ei ny 11 fotballbane i Alversund må Lindås kommune utvida eksisterande fotballbane ved noverande Alversund skule.

Med venleg helsing

Alvermarka og Ikenberget Vel
Leiar, Hans Kenneth Sundsbø